



Tor Ove Haugland og Trond Myklebust gjorde ein god jobb på badestranda tysdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- I dag har eg bada fire gonger, sa ei småjente frå Neset stolt tysdag. Badesesongen vart for alvor innleia i helga, og dei siste dagane har den festa seg som følge av det fine veret.**

Og heldigvis har uskedelingane no ei skikkeleg strand å ty til, etter storinnsatsen gjennom Bygdeutviklingsprosjektet i fjor. Og prosjektet ligg ikkje på latsida i år heller med omsyn til stranda. Tirsdag vart det gjort ein storinnsats der.

Heile tirsdagen var "maskinkarane" Tor Ove Haugland og Trond Myklebust i aksjon med maskiner for å reparera og retta opp att den fine muren inntil stranda samstundes som dei laga ny plen inntil muren. No står det gjensåing att og det vil skje på dugnad.

- Men det trengst også ny og meir sand, stranda har vorte nokså steinete gjennom utvasking i vinter, påpeikar nokre brukarar.
- Det er eg samd i og vi vil søkja prosjektet om meir pengar til meir sand, seier leier i friluftskomiteen Kjell Yri.

Av Ola Matti Mathisen



-- og badesesongen har starta (Foto: Ola Matti Mathisen)